



# Prop. 114 L

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

Endringar i lov om folketrygd, lov om  
Statens pensjonskasse og i enkelte andre  
pensjonslover (presiseringar mv. i samband  
med pensjonsreforma)



# Innhold

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen .....</b>	<b>5</b>	<b>4.1.1</b>	Samordning med alderspensjonen i folketrygda .....	11
<b>2</b>	<b>Pensjonsreforma – oversikt over endringane i folketrygda og offentlege teneste-pensjonar .....</b>	<b>6</b>	<b>4.1.2</b>	Samordning med privat AFP etter AFP-tilskottsløva kapittel 4 (overgangsordninga) .....	11
<b>3</b>	<b>Oppretting og presiseringar i folketrygdlova .....</b>	<b>8</b>	<b>4.1.3</b>	Levealdersjustering av samordningsfrådraget for tillegga i alderspensjonen i folketrygda .....	12
3.1	Unntak frå krav om tre års trygdetid for rett til alderspensjon for personar som har fått uførepensjon på grunn av yrkesskade fram til fylte 67 år eller pensjon til attlevande ektefelle .....	8	<b>4.1.4</b>	Økonomiske og administrative konsekvensar .....	12
3.2	Forskriftsheimel for å rekne om alderspensjon ved endring av medlemskap i folketrygda .....	9	<b>4.2</b>	Samordningsfritak for auka opptening av folketrygd etter uttak av heil tenestepensjon .....	12
3.3	Presiseringar og språkleg oppretting .....	9	<b>4.2.1</b>	Tilpassing til oppteningsreglane i folketrygda .....	12
3.3.1	Tilvising til alderspensjon etter folketrygdlova kapittel 20 .....	9	<b>4.2.2</b>	Økonomiske og administrative konsekvensar .....	13
3.3.2	Berekning av alderspensjon ved gradert yrkesskade .....	9	<b>5</b>	<b>Endring i lov om Statens pensjonskasse .....</b>	13
3.3.3	Tilpassing av forvaltningsmessige føresegner som følgje av at alderspensjonen ikkje blir gradert mot inntekt .....	9	<b>5.1</b>	Fastsetjing av pensjonsgrunnlaget i enkje- og enkjemannspensjon og bar nepensjon når den avdøde medlemmen har teke ut alderspensjon eller avtalefesta pensjon (AFP) og dør før fylte 67 år .....	13
3.3.4	Oppheving av reglane for barnetillegg til mottakarar av tidsavgrensa uførestønad .....	10	<b>5.2</b>	Økonomiske og administrative konsekvensar .....	14
3.3.5	Oppretting i føresegnehene om krav til minsteinntekt for rett til dagpengar .....	10	<b>6</b>	<b>Endring i lov om pensjonsordning for sykepleiere .....</b>	14
3.3.6	Tilvisingar til minste pensjonsnivå .....	10	<b>6.1</b>	Fastsetjing av pensjonsgrunnlaget i enkje- og enkjemannspensjon og bar nepensjon når den avdøde medlemmen har teke ut alderspensjon eller avtalefesta pensjon og dør før fylte 67 år .....	14
3.3.7	Oppretting i føresegnehene om opptening av alderspensjon for uførepensjonistar .....	10	<b>6.2</b>	Økonomiske og administrative konsekvensar .....	14
3.4	Økonomiske og administrative konsekvensar .....	11	<b>7</b>	<b>Endring i lov om pensjonsordning for statsråder .....</b>	14
<b>4</b>	<b>Presisering i lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser .....</b>	<b>11</b>	<b>7.1</b>	Fastsetjing av pensjonsgrunnlaget i enkje- og enkjemannspensjon og bar nepensjon når den avdøde medlemmen har teke ut alderspensjon og dør før fylte 67 år .....	14
4.1	Tillegg til alderspensjonen i folketrygda .....	11	<b>7.2</b>	Økonomiske og administrative konsekvensar .....	15

<b>8</b>	<b>Endringar i lov om pensjonsordning for stortingsrepresentanter .....</b>	<b>15</b>	<b>11</b>	<b>Merknader til dei enkelte føresegne i lovforslaget .....</b>	<b>16</b>
8.1	Fastsettjing av pensjonsgrunnlaget i enkje-, enkjemanns- og barnepensjon når den avdøde medlemmen har teke ut alderspensjon og dør før fylte 67 år .....	15	11.1	Merknader til endringa i lov 28. juli 1949 nr. 26 om Statens pensjonskasse .....	16
8.2	Økonomiske og administrative konsekvensar .....	15	11.2	Merknader til endringa i midlertidig lov 29. juni 1951 nr. 34 om tillegg til lover av 13. desember 1946 om 1) Krigspensjonering for hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner og 2) Krigspensjonering for militærpersoner .....	16
<b>9</b>	<b>Presisering i lovene om personskadetrygd .....</b>	<b>15</b>	11.3	Merknader til endringa i lov 14. desember 1951 nr. 11 om pensjonsordning for statsråder .....	17
9.1	Regulering av pensjonar etter lovene om krigspensjonering og lov om yrkesskadetrygd .....	15	11.4	Merknader til endringane i lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser .....	17
9.2	Midlertidig lov 29. juni 1951 nr. 34 om tillegg til lover av 13. desember 1946 om 1) Krigspensjonering for hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner og 2) Krigspensjonering for militærpersoner .....	15	11.5	Merknader til endringa i lov 12. desember 1958 nr. 10 om yrkesskadetrygd .....	17
9.3	Lov 12. desember 1958 nr. 10 om yrkesskadetrygd .....	16	11.6	Merknader til endringa i lov 22. juni 1962 nr. 12 om pensjonsordning for sykepleiere .....	17
9.4	Økonomiske og administrative konsekvensar .....	16	11.7	Merknader til endringa i lov 12. juni 1981 nr. 61 om pensjonsordning for stortingsrepresentanter .....	17
<b>10</b>	<b>Ikkraftsettjing .....</b>	<b>16</b>	11.8	Merknader til endringane i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd .....	17

**Forslag til lov om endringar i lov om folketrygd, lov om Statens pensjonskasse og i enkelte andre pensjonslover (presiseringar mv. i samband med pensjonsreforma) .....** 20

# Prop. 114 L

(2010–2011)

## Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

### Endringar i lov om folketrygd, lov om Statens pensjonskasse og i enkelte andre pensjonslover (presiseringar mv. i samband med pensjonsreforma)

*Tilråding frå Arbeidsdepartementet av 13. mai 2011,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regeringa Stoltenberg II)*

#### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I denne proposisjonen legg Arbeidsdepartementet fram forslag til endringar i:

- lov 28. juli 1949 nr. 26 om Statens pensjonskasse
- midlertidig lov 29. juni 1951 nr. 34 om tillegg til lover av 13. desember 1946 om 1) Krigspensjonering for hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner og 2) Krigspensjonering for militærpersoner
- lov 14. desember 1951 nr. 11 om pensjonsordning for statsråder
- lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser
- lov 12. desember 1958 nr. 10 om yrkesskade-trygd
- lov 22. juni 1962 nr. 12 om pensjonsordning for sykepleiere
- lov 12. juni 1981 nr. 61 om pensjonsordning for stortingsrepresentanter
- lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd

Etter at ny fleksibel alderspensjon i folketrygda blei innført frå 1. januar 2011 med dei tilhøyrande tilpassingane av tenestepensjon og AFP i offentleg sektor, har det vist seg nødvendig å klargjere enkelte føresegner i dei nemnde lovene. Nokre av

forsлага er reint språklege opprettingar av gjeldande lovføresegner. Departementet gjer greie for bakgrunnen for lovforsлага i kapittel 2.

Kapittel 3 omhandlar forslag til endringar i folketrygdlova. For å ha rett til alderspensjon må ein ha minst tre års trygdetid. Personar som har rett til uførepensjon på grunn av ein yrkesskade, men som ikkje har minst tre års trygdetid, får i dag uførepensjon livet ut. Departementet foreslår å endre desse reglane, slik at også denne gruppa går over på alderspensjon når dei har fylt 67 år. Departementet foreslår vidare å presisere at kravet om tre års trygdetid for å få rett til alderspensjon heller ikkje gjeld for personar som har rett til pensjon til attlevande ektefelle.

For rett til garantipensjon må ein anten vere medlem i folketrygda eller ha minst 20 års trygdetid i Noreg. For å ha rett til garantipensjon etter særlege regler for flyktningar, må ein også vere medlem av trygda. Ved endringar i medlemskapen må garantipensjonen derfor bli rekna om. Departementet foreslår ein forskriftsheimel for å kunne gje nærmare reglar om omrekninga. Departementet foreslår elles nokre språklege opprettingar i folketrygdlova. Det gjeld tilvisingar til ny alderspensjon (nytt kapittel 20), oppheving av reglar om feilutbetaling av alderspensjon på grunn av for høg inntekt og presiseringar i kapit-

tel 3 som følgje av at minstepensjon og særtillegg for alderspensjonistar er erstatta av minste pensjonsnivå og pensjonstillegg. Frå 2011 skal grunnbeløpet fastsetjast av Kongen og ikkje vedtakast av Stortinget som før. I tråd med denne endringa foreslår departementet ei oppretting i reglane for minstekrav til inntekt for å ha rett til dagpengar. Vidare foreslår departementet ei oppretting i reglane for barnetillegg etter §§ 3-25 og 3-26 som følgje av at ordninga med tidsavgrensa uførestønad blei oppheva og arbeidsavklaringspengar innførte frå 1. mars 2010. Det er gjeve eigne føresegner om barnetillegg til arbeidsavklaringspengar i folketrygdlova kapittel 11. Departementet foreslår også ein språkleg oppretting i reglane for opptringing av inntektpensjon for uførepensionistar.

I kapittel 4 foreslår departementet enkelte endringar i lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser i samband med at det frå 1. januar 2011 er innført enkelte nye tillegg (minstenivåtillegg) til alderspensjonen og uførepensjonen i folketrygda. Tillegga skal sikre at pensjonen til kvar tid er på det nivået som i folketrygdlova § 19-8 er definert som minste pensjonsnivå, alt etter sivilstand og inntekta og pensjonen til ein eventuell ektefelle. Som dei andre komponentane i pensjonane frå folketrygda skal desse tillegga vere samordningspliktige. Det følgjer av bruttosystemet i offentleg sektor som er ført vidare frå 2011. Departementet foreslår likevel at tillegga blir nemnde eksplisitt i samordningslova. Tillegga til alderspensjonen i folketrygda blir gjevne som eit kronetillegg til pensjonen og blir ikkje levealdersjusterte. Departementet foreslår derfor at heller ikkje samordningsfrådraga for desse tillegga blir levealdersjusterte.

Opptringing av tilleggspensjon i folketrygda for åra ein person fyller 67, 68 eller 69 år, etter uttak av heil tenestepensjon, skal etter gjeldande reglar haldast utanfor samordning. Fordi ein frå 1. januar 2010 kan tene opp tilleggspensjon til og med det året ein fyller 75 år, foreslår departementet å endre føresegna om samordningsfritak i samsvar med endringa i folketrygda.

I kapittel 5 foreslår departementet ei presisering når det gjeld fastsettjing av pensjonsgrunnlaget i etterlatnepensjonen i Statens pensjonskasse når den avdøde medlemmen har teke ut alderspensjon eller avtalefesta pensjon og døyr før fylte 67 år.

I kapittel 6 foreslår departementet ei tilsvarende presisering i lov om pensjonsordning for sykepleiere.

I kapitla 7 og 8 foreslår departementet tilsvarende presiseringar i pensjonsordningane for høvesvis statsrådar og stortingsrepresentantar.

I kapittel 9 foreslår departementet ei mindre endring i personskadetrygdene, det vil seie i lovene om krigspensjonering og lov om yrkesskadetrygd. I samsvar med dei nye reguleringsprinsippa i folketrygda og for offentleg tenestepensjon foreslår departementet at den særskilde føresegna om første gongs regulering av uføre- og etterlatnepensjon etter fylte 67 år også skal gjelde for personskadetrygd.

I kapittel 10 gjer departementet nærmare greie for ikraftsetjinga av dei enkelte forslaga.

Endringane som er foreslått, er dels klargjering av gjeldande rett og dels rein oppfølging av det endra regelverket i folketrygda og dei offentlege tenestepensjonsordningane frå 2011. Vidare er det foreslått ei rekje språklege og lovtekniske opprettingar. Departementet ser det derfor slik at det ikkje har vore nødvendig å sende forslaga på alminneleg høyring.

## 2 Pensjonsreforma – oversikt over endringane i folketrygda og offentlege tenestepensjonar

Nye reglar for alderspensjon frå folketrygda blei vedtekne ved lov 5. juni 2009 nr. 32 om endringer i folketrygdloven (ny alderspensjon). Det blei mellom anna innført nye oppteningsreglar, levealdersjustering og fleksibelt uttak frå 62 år i alderspensjonen frå folketrygda for personar som tek ut alderspensjon etter 2010. Det blei også innført nye reglar for regulering av alderspensjon under utbetaling. Reglane for offentleg tenestepensjon og AFP i offentleg sektor blei ved lovene 25. juni 2010 nr. 28 og 29 og 17. desember 2010 nr. 78 ført vidare, men med nødvendige tilpassingar til innføringa av fleksibelt uttak, levealdersjustering og nye prinsipp for regulering av alderspensjon i folketrygda.

### Fleksibelt uttak og ny regulering av alderspensjonen i folketrygda

Dei nye reglane om fleksibelt uttak og levealdersjustering verkar frå 1. januar 2011 og gjeld pensjon utrekna etter både gamle og nye oppteningsreglar. Ein person kan ta ut heil eller delvis alderspensjon frå 62 år dersom den årlege pensjonen frå 67 år minst svarer til minstepensjonen. Pensjonen kan graderast i 20, 40, 50, 60, 80 og 100 prosent. I tillegg kan ein arbeide så mykje ein vil, utan at pensjonen blir redusert.

Levealdersjustering og fleksibelt uttak av alderspensjon som er opptent etter dagens reglar,

skjer ved at ein dividerer opptente rettar i form av grunnpensjon og tilleggspensjon (basispensjon) med eit forholdstal. Den årlege pensjonen blir dermed justert for uttakstidspunkt og for endringar i levealder.

Fra 2011 er det innført nye reguleringsreglar for alle alderspensjonistar i folketrygda. Alderspensjon under utbetaling skal regulerast med lønnsveksten, deretter skal det trekkjast frå 0,75 prosent. Reguleringa skjer med verknad frå 1. mai kvart år. Pensjon under opptening skal framleis regulerast med lønnsveksten. Satsar for minste pensjonsnivå blir regulerte med lønnsveksten og deretter justerte for effekten av levealdersjusteringa. Dei første åra etter 2011 vil effekten svare til eit frådrag på 0,50 prosent på grunn av ei gradvis innfasing av levealdersjusteringa.

#### *Minste pensjonsnivå (tidlegare minstepensjon)*

Pensjonssystemet i folketrygda (alderspensjon, uførepensjon og pensjon til attlevande ektefelle) yter både ei grunnsikring og ei standardsikring. Tilleggspensjonen er ei standardsikring som står i eit visst forhold til tidlegare inntekt som yrkesaktiv, og blir utmålt uavhengig av sivilstand. Grunnpensjonen er ei grunnsikring som blir utbetalta til alle pensjonistar, uavhengig av tidlegare inntekt. Pensjonistar som ikkje har rett til tilleggspensjon, eller som har ein tilleggspensjon som er mindre enn satsen på særtillegget, får eit særtillegg. Summen av grunnpensjonen og særtillegget svarer til minstepensjonen i folketrygda.

Grunnpensjon og særtillegg er fastsette som delar av grunnbeløpet, sjå folketrygdlova §§ 3-2 og 3-3. For gifte og sambuarar svarer full grunnpensjon til 85 prosent av grunnbeløpet, medan han for einslege svarer til 100 prosent av grunnbeløpet. Særtillegget blir i utgangspunktet gjeve etter minstesatsen (74 prosent av grunnbeløpet) dersom ektefellen har tilleggspensjon, medan det elles svarer til 100 prosent av grunnbeløpet (ordinær sats). Ektefellane er likevel sikra at særtillegget og tilleggspensjonen samla utgjer minst to gonger særtillegget etter ordinær sats, jf. folketrygdlova § 3-3 femte ledd andre punktum. Dersom tilleggspensjonen til ektefellen eksempelvis svarer til 110 prosent av grunnbeløpet, vil pensjonisten få eit særtillegg som svarer til 90 prosent av grunnbeløpet, slik at summen av tilleggspensjonen og særtillegget er det same som to gonger ordinær sats ("glidande særtillegg").

Fra 2011 får ikkje lenger nye alderspensjonistar særtillegg, men eit pensjonstillegg. Pensjonstillegget er lik differansen mellom det minste

pensjonsnivået og grunn- og tilleggspensjonen. Det er fastsett ulike satsar for minste pensjonsnivå som svarer til dei ulike satsane for grunnpensjon og særtillegg, jf. folketrygdlova § 19-8. Låg sats svarer til summen av grunnpensjon med 85 prosent og særtillegg med 74 prosent av grunnbeløpet. Ordinær sats svarer til summen av grunnpensjon med 85 prosent og særtillegg med 100 prosent av grunnbeløpet. Høg sats svarer til grunnpensjon og særtillegg med 100 prosent av grunnbeløpet. Føresegna om at ektepar er sikra eit samla minstenivå, er ført vidare i ei eiga forskrift, jf. folketrygdlova § 19-8 niande ledd.

Dei nærmare reglane for eit minste pensjonsnivå for ektepar går fram av kapittel 5 i forskrift 22. desember 2009 nr. 1810 om alderspensjon i folketrygden. Føresegne gjeld også for uførepensjonistar som er gifte med alderspensjonistar. Ektefellane er sikra at den samla pensjonen minst er lik to gonger minste pensjonsnivå ordinær sats. Dersom den samla pensjonen er lågare, blir eventuelt differansen utbetalta som eit tillegg til den av ektefellane som har lågare pensjon enn minste pensjonsnivå ordinær sats. Denne differansen blir av administrative årsaker utbetalta som eit eige tillegg til pensjonen med heimel i forskrifta, framfor som eit pensjonstillegg etter folketrygdlova § 19-9.

Alderspensjon under utbetaling skal som nemnt regulerast med lønnsveksten med eit frådrag på 0,75 prosent, medan satsane for minste pensjonsnivå blir regulerte noko gunstigare. Personar som i utgangspunktet får pensjon over minstenivået, vil dermed kunne falle under dette nivået over tid. Dersom pensjonen etter reguleringa blir lågare enn den satsen for minste pensjonsnivå som vedkommande har rett til, blir differansen utbetalta som eit tillegg til pensjonen etter folketrygdlova § 19-14 femte ledd.

#### *Tilpassing av offentleg tenestepensjon til pensjonsreforma*

Andre delar av pensjonssystemet er eller blir tilpassa endringane i alderspensjonen frå folketrygda. Tariffpartane avtalte våren 2009 at dagens reglar for offentleg tenestepensjon (bruttoordninga) og AFP i offentleg sektor skal førast vidare, men med nødvendige tilpassingar til dei vedtekne endringane i folketrygda. For medlemmer av Statens pensjonskasse er gjeldande reglar for AFP i statleg sektor ført vidare ved lov 25. juni 2010 nr. 28. AFP-ordninga i statleg sektor er også regulert i hovudtariffavtalen i statleg sektor. For Statens pensjonskasse og andre lovfesta offentlege tenestepensjonsordningar er nødvendige tilpassingar til

endringane i folketrygda gjevne ved lov 25. juni 2010 nr. 29, som også omfattar nødvendige tilpassingar i samordningslova.

Endringane tredde i kraft 1. januar 2011 og har verknad for årskull til og med 1953-årskullet, det vil seie dei årskulla som får heile alderspensjonen frå folketrygda rekna ut etter folketrygdlova kapittel 19. Endringane inneber at både alderspensjonen frå offentlege tenestepensjonsordningar (bruttopensjonen) og samordningsfrådraget for alderspensjon frå folketrygda skal levealdersjusterast ved bruk av forholdstala i folketrygda. Levealdersjustering og samordning skal skje tidlegast frå 67 år. Derved vil personar som kan ta ut tenestepensjon før 67 år fordi stillinga har særaldersgrense, få berekna pensjonen utan levealdersjustering og samordning fram til dei fyller 67 år. I tilfelle der det er teke ut alderspensjon frå folketrygda før 67 år, skal samordninga skje som om folketrygda var teken ut ved 67 år. Ein individuell garanti for årskulla til og med 1958-kullet sikrar mellom anna at personar med full opptringing (normalt 30 år) får ein samla pensjon frå folketrygda og tenestepensjonsordninga etter levealdersjustering på minst 66 prosent av pensjonsgrunnlaget ved 67 år.

Dei vedtekne lovendringane inneber vidare at reguleringa av offentlege tenestepensjonar og AFP blir endra frå 2011. Alderspensjon og AFP under utbetaling skal regulerast med lønnsveksten, og det skal deretter trekkest frå 0,75 prosent, på same måte som med alderspensjonen i folketrygda. Oppsette rettar, det vil seie rettar for personar som fråtrer stillinga si utan rett til å få pensjon straks, skal regulerast med lønnsveksten fram til uttakstidspunktet.

### **3 Opprettning og presiseringar i folketrygdlova**

#### **3.1 Unntak frå krav om tre års trygdetid for rett til alderspensjon for personar som har fått uførepensjon på grunn av yrkesskade fram til fylte 67 år eller pensjon til attlevande ektefelle**

For å få rett til alderspensjon må ein ha minst tre års trygdetid (butid), sjá folketrygdlova § 19-2 første ledd. For flyktningar er det gjort unntak frå kravet om tre års trygdetid i § 19-2 andre ledd.

Også to andre grupper kan få pensjon frå 67 år utan at dei oppfyller kravet om minst tre års trygdetid. Det gjeld personar som blir uføre på grunn av yrkesskade før dei er 67 år, og attlevande ekte-

fellar når den avdøde hadde minst tre års trygdetid.

Den som blir ramma av ein yrkesskade eller yrkessjukdom, har rett til ytingar frå folketrygda etter særskilde føresegner. Vilkåret om at ein må ha vore medlem i minst tre år for å få uførepensjon, gjeld ikkje, og grunnpensjonen og tilleggpensjonen skal ikkje reduserast sjølv om vedkommande har mindre enn 40 års trygdetid eller poengår, sjá folketrygdlova § 12-18, jf. § 3-30.

Når det gjeld alderspensjon, går det fram av § 19-20 at pensjonen ikkje skal reduserast sjølv om vedkommande har mindre enn 40 års trygdetid eller poengår. Det er likevel ikkje gjort unntak frå kravet i § 19-2 første ledd om tre års trygdetid for personar som blir uføre på grunn av yrkesskade før dei er 67 år. Desse personane får likevel pensjon etter at dei har fylt 67 år, ved at dei, i samsvar med § 12-18 fjerde ledd, får uførepensjon livet ut.

Departementet viser til at det no er innført levealdersjustering og ny regulering i alderspensjonen i folketrygda. Uførepensjon utgjer derfor ikkje lenger den same ytinga som vedkommande ville fått som alderspensjonist. Ei vidareføring av gjeldande reglar betyr derfor at yrkesskadde som ikkje har tre års trygdetid, vil få ei høgare yting frå 67 års alder enn yrkesskadde som har meir enn tre års trygdetid, og som derfor har rett til alderspensjon frå 67 år. Ei slik forskjellsbehandling har ikkje vore tilskita og vil vere urimeleg.

Departementet foreslår å gjøre unntak frå kravet om minst tre års trygdetid for rett til alderspensjon for personar som har fått innvilga uførepensjon etter yrkesskade før dei er 67 år. Forslagen inneber at uførepensjon i alle tilfelle blir rekna om til alderspensjon ved fylte 67 år, også når vedkommande har mindre enn tre års trygdetid.

Departementet viser til lovforslaget, § 12-18 fjerde ledd og § 19-2 andre ledd bokstav a.

Dei nærmare reglane for berekning av alderspensjonen for den som har fått uførepensjon ved yrkesskade, blei frå 1. januar 2011 flytta frå § 19-11 til nye § 19-20. Departementet foreslår at tilvisinga til alderspensjon i oversikta over særfordelar ved yrkesskade i § 13-2 blir retta opp.

Departementet viser til lovforslaget, § 13-2 andre ledd.

Attlevande ektefellar som ikkje sjølv har tre års trygdetid, men der den avdøde hadde minst tre års trygdetid, får i dag alderspensjon frå fylte 67 år etter føresegne i § 19-16 og § 19-20 andre ledd. Departementet meiner at unntaket frå treårskravet også bør gå direkte fram av føresegna om føregående trygdetid i § 19-2.

Departementet viser til lovforslaget, § 19-2 andre ledd bokstav b.

### **3.2 Forskriftsheimel for å rekne om alderspensjon ved endring av medlemskap i folketrygda**

Flyktningar får alderspensjon etter kapittel 19 og 20 rekna ut etter særlege reglar dersom dette er til fordel for pensjonisten. Mellom anna blir grunnpensjon, minste pensjonsnivå og garantipensjon rekna ut på bakgrunn av full trygdetid sjølv om trygdetida er mindre enn 40 år, slik at dei er sikra full minstepensjon. Desse fordelane kan ikkje eksporterast, sjå § 19-3 fjerde ledd andre punktum og § 20-10 femte ledd andre punktum. Det vil seie at dersom ein flyktning flyttar til utlandet (utan å oppretthalde medlemskap i folketrygda), skal alderspensjonen bli rekna ut etter dei ordinære reglane.

For rett til garantipensjon er det eit vilkår at ein er medlem i folketrygda eller at ein har minst 20 års trygdetid. Dersom ein alderspensjonist med mindre enn 20 års trygdetid flyttar til utlandet, vil pensjonisten ikkje få med seg garantipensjonen, men berre den opptente inntektpensjonen.

Når det gjeld alderspensjon etter kapittel 19, er det i § 19-3 femte ledd gjeve ein forskriftsheimel for å kunne gje nærmare reglar om omrekninga. Det er ikkje tilsvarande heimel for å fastsetje forskrift om omrekning for alderspensjon etter kapittel 20. Departementet forslår at det blir gjeve ein slik heimel i § 20-10.

Departementet viser til lovforslaget, § 20-10 nytt sjette ledd.

### **3.3 Presiseringar og språkleg opprettning**

#### **3.3.1 Tilvising til alderspensjon etter folketrygdlova kapittel 20**

Føreseggnene om ny alderspensjon, som består av inntektpensjon og garantipensjon, går fram av folketrygdlova kapittel 20, medan føreseggnene om dagens alderspensjon går fram av folketrygdlova kapittel 19, jf. kapittel 3. Personar som er fødde frå og med 1963, får alderspensjon utelukkande etter kapittel 20, medan personar som er fødde til og med 1953, utelukkande får alderspensjonen sin etter kapittel 19. For personar som er fødde i åra 1954–1962, er alderspensjonen sett saman av forholdsmessige delar berekna etter dei to kapitla.

Departementet foreslår å setje inn tilvisingar til alderspensjon etter kapittel 20 der det i dag er

vist til alderspensjon etter kapittel 19, i dei andre delane av folketrygdlova.

Departementet viser til lovforslaget, § 2-9 første ledd, § 2-13 første ledd og § 22-10 tredje ledd.

#### **3.3.2 Berekning av alderspensjon ved gradert yrkesskade**

Personar som fram til 67 års alder hadde uførepensjon på grunn av yrkesskade, får alderspensjonen berekna etter særforesegnene for yrkesskade, sjå § 3-30 tredje ledd. Er pensjonisten mindre enn 100 prosent ufør på grunn av yrkesskaden, skal berre ein forholdsmessig del av alderspensjonen bereknast etter særforesegnene, jf. § 3-30 tredje ledd andre punktum. Lovføresegnene er utforma med tanke på tidlegare reglar for alderspensjon utan fleksibelt uttak og levealdersjustering. Departementet foreslår å endre ordlyden i føresegna for å føre vidare dagens reglar om at berre ein så stor del av alderspensjonen som svarer til den særskilde uføregraden fastsett etter § 12-18 andre ledd, skal bereknast etter særforesegnene om yrkesskade.

Departementet viser til lovforslaget, § 3-30 tredje ledd andre punktum.

#### **3.3.3 Tilpassing av forvaltningsmessige føresegner som følge av at alderspensjonen ikke blir gradert mot inntekt**

Ein del av ytingane frå folketrygda blir graderte eller avkorta mot anna inntekt. Når det skjer ei endring som verkar inn på retten til den ytinga ein person får, kan arbeids- og velferdsetaten fatte nytt vedtak i samsvar med § 21-6. Gjeld det ei endring som verkar inn på graderinga av ei yting til livsophald, kan det gjerast nytt vedtak berre dersom det er ei vesentleg endring.

Når ei slik yting blir utbetalt med eit for stort beløp fordi inntekta til mottakaren er høgare enn det som var lagt til grunn da ytinga blei berekna, blir dette avrekna ved trekk i framtidige ytingar, jf. § 22-16.

Fram til 1. januar 2008 blei alderspensjonen for dei mellom 67 og 70 år utbetalta uavkorta når pensjonisten i tillegg til pensjonen hadde ei årleg pensjonsgjevande inntekt som var mindre enn to gonger grunnbeløpet. Dersom inntekta var høgare, gjekk 40 prosent av den overskytande inntekta til frådrag i pensjonen, slik at pensjonen blei gradert. Reglane for avkorting av alderspensjon mot inntekt blei oppheva for 67-åringar frå 1. januar 2008, for 68-åringar frå 1. januar 2009 og for 69-åringar frå 1. januar 2010.

Frå 1. januar 2010 kan pensjonistar fritt kombinere alderspensjonen med pensjonsgjevande inntekt utan at pensjonen blir avkorta/gradert. Departementet foreslår å ta ut tilvisingane til alderspensjon i § 21-6 første ledd og § 22-16 andre ledd. Feilutbetaling av ektefelle- og barnetillegg etter kapittel 3, etterlatnepensjon/overgangsstønad etter kapitla 15, 16 og 17 og uførepensjon etter kapittel 12 kan etter gjeldande føresegns avrekna i alderspensjon. For å føre vidare gjeldande rett foreslår departementet ei språkleg tilpassing av § 22-16 tredje ledd.

Departementet viser til lovforslaget, § 21-6 første ledd og § 22-16 andre og tredje ledd.

### **3.3.4 Oppheving av reglane for barnetillegg til mottakarar av tidsavgrensa uførestønad**

Ved lov 11. desember 2009 nr. 112 blei reglane for barnetillegg i §§ 3-25 til 3-26 tilpassa endringane i alderspensjonen. Endringane tridde i kraft 1. januar 2011.

Arbeidsavklaringspengar blei innførte frå 1. mars 2010, og reglane om tidsavgrensa uførestønad blei oppheva frå same tidspunkt. Mottakarar av tidsavgrensa uførestønad hadde fram til 1. mars 2010 rett til barnetillegg etter §§ 3-25 og 3-26. Ytингane blei rekna om til arbeidsavklaringspengar etter nærmare reglar, og det blir gjeve barnetillegg til mottakarar av arbeidsavklaringspengar etter § 11-16 fjerde ledd.

Departementet foreslår at tilvisingane til mottakarar av tidsavgrensa uførestønad blir sletta i § 3-25 første ledd og § 3-26 femte ledd.

Departementet viser til lovforslaget, § 3-25 første ledd og § 3-26 femte ledd.

### **3.3.5 Opprettning i føresegndene om krav til minsteinntekt for rett til dagpengar**

For å få rett til dagpengar må ein medlem ha hatt ei brutto arbeidsinntekt av ein viss storleik fastsett etter grunnbeløpet, sjå § 4-4. Det går fram av femte ledd at i dei tilfella Stortinget vedtek ei endring i grunnbeløpet med tilbakeverkande kraft, skal endringa i kravet til minsteinntekt først gjelde frå og med den andre påfølgjande måndagen etter at Stortinget har gjort vedtak.

Frå 2011 blir ikkje grunnbeløpet fastsett av Stortinget, men av Kongen. Departementet foreslår å justere ordlyden i føresegna i tråd med denne endringa.

Departementet viser til lovforslaget, § 4-4 femte ledd.

### **3.3.6 Tilvisingar til minste pensjonsnivå**

Frå 1. januar 2011 er tidlegare føresegner om minstepensjon for alderspensjonistar erstatta av satsar for minste pensjonsnivå, jf. § 19-8. Nye alderspensjonistar får eit pensjonstillegg i staden for særtillegg, jf. § 19-9 og § 3-3 første ledd siste punktum, sjå nærmare under punkt 2. I § 3-1 er det ei oversikt over komponentar i pensjonane frå folketrygda, under dette særtillegg. Departementet foreslår å tilpasse andre ledd slik at det går fram at alderspensjonistar som ikkje har rett til tilleggpensjon eller har liten tilleggpensjon, har rett til pensjonstillegg og ikkje særtillegg som før.

Det er gjeve felles føresegner om minste pensjonsyting etter folketrygdlova for ein pensjonist som har full trygdetid (40 år) og får ei ugradert yting. Personar som får uførepensjon eller pensjon til attlevande ektefelle, er framleis omfatta av føresegndene om særtillegg og minstepensjon i §§ 3-3 og 3-4, medan den minste pensjonsytinga for alderspensjonistar frå 1. januar 2011 går fram av § 19-8 om minste pensjonsnivå. Departementet foreslår å tilpasse § 3-4 i tråd med dette og ta inn ei tilvising til § 19-8.

I § 11-4 fjerde ledd og § 12-4 tredje ledd er det vist til "minstepensjon etter § 19-8". Departementet foreslår at dette blir retta opp til "minste pensjonsnivå etter § 19-8".

Departementet viser til lovforslaget, § 3-1 første ledd, § 3-4 første ledd, § 11-4 fjerde ledd og § 12-4 tredje ledd.

### **3.3.7 Opprettning i føresegndene om opptening av alderspensjon for uførepensjonistar**

Personar som blir uføre, kan i dag få medrekna framtidige pensjonspoeng i tillegg til dei pensjonspoenga dei tente opp fram til dei blei uføre. Den som mottek uførepensjon med framtidige poeng, får godskrive poeng for kvart år han eller ho har motteke slik pensjon etter nærmare reglar. Uførepensjonisten trong ikkje vere medlem i trygda (busett i Noreg) for å få slik godskriving. Gjennom endringslov 4. juni 2010 nr. 17 blei reglane for godskriving og opptening av pensjonspoeng ført vidare i ny alderspensjon (inntektpensjon), men med nødvendige tilpassingar. Sjå nærmare om bakgrunnen i Prop. 82 L (2009–2010) punkt 4.4.

Ved utforminga av reglane for opptening av ny alderspensjon for uførepensjonistar i § 20-7 a første ledd, blei omgrepet "medlem" nytta i staden for "den som mottek uførepensjon". Dermed blei reglane endra slik at ein må vere medlem av

trygda for å få godskrive slik opptening. Denne endringa var ikkje tilskikta, og departementet foreslår at dette blir retta opp.

Departementet viser til lovforslaget, § 20-7 a første ledd.

### **3.4 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Forslaget i punkt 3.1 vil isolert sett gje ei innsparing. Denne innsparingen er likevel svært marginal, då det er ytterst få personar som får uførepensjon etter særreglane i § 12-18 fjerde ledd (mellan 0 og 5 personar kvart år).

Forsлага har elles ikkje nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **4 Presisering i lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser**

### **4.1 Tillegg til alderspensjonen i folketrygda**

Frå 1. januar 2011 blei det innført nye tillegg til alderspensjonen i folketrygda for å sikre at pensjon under utbetaling ikkje fell under minste pensjonsnivå, som er fastsett ut frå sivilstanden til den enkelte og inntekta og pensjonen til ein eventuell ektefelle. Tillegga blir utbetalte som eit kronetillegg til alderspensjonen og blir ikkje levealdersjusterte. Satsane for minste pensjonsnivå blir regulerte kvart år med lønnsveksten og deretter justerte for effekten av levealdersjustering for 67-åringar i reguleringsåret. Sjå nærmare omtale av desse tillegga i kapittel 2.

Tenestepensjon frå offentlege tenestepensjonsordningar blir samordna med pensjon frå folketrygda. Dette er ein del av bruttosystemet i offentleg sektor, og regelverket er nedfelt i lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser (samordningslova), med tilhøyrande forskrifter. Hovudregelen for samordning av tenestepensjon med pensjon frå folketrygda er at tenestepensjonsordningane kan gjøre frådrag for grunnpensjonen i folketrygda med inn til  $\frac{3}{4}$  av grunnbeløpet (G) i folketrygda og heile tilleggspensjonen/særtillegget/pensjonstillegget. Det inneber at i prinsippet heile alderspensjonen frå folketrygda, det vil seie alle pensjonskomponentane med unntak av  $\frac{1}{4}$  G, skal gå til frådrag i tenestepensjonen. Det same gjeld pensjonskomponentane i avtalefesta pensjon berekna som ei folketrygdtyting.

Det følgjer av bruttosystemet i offentleg sektor at dei nye tillegga, som ein del av alderspensjonen i folketrygda, er samordningspliktige.

#### *4.1.1 Samordning med alderspensjonen i folketrygda*

Tillegg etter folketrygdlova § 19-14 femte ledd er samordningspliktige, slik det er bestemt i samordningslova § 24 nr. 1 første ledd når det gjeld alderspensjonen i folketrygda, og uførepensjon jf. § 24 nr. 2. Tillegget blir samordna som særtillegg.

Tillegg berekna etter forskrift gjeven med heimel i folketrygdlova § 19-8 er også samordningspliktige, men dette er ikkje uttrykkeleg nemnt i samordningslova. Tillegget inngår likevel etter sin funksjon som ein del av basispensionstillegget/pensjonstillegget etter folketrygdlova § 19-9, jf. § 19-8, og basispensionstillegget er uttrykkeleg teke inn som samordningspliktig i samordningslova § 24 nr. 1 første ledd.

Departementet viser til at samordningsreglane er ein viktig del av dagens bruttosystem i offentleg sektor og i prinsippet inneber at alle pensjonskomponentane i pensionane frå folketrygda og i avtalefesta pensjon skal gå til frådrag i tenestepensjonen. Departementet foreslår derfor at samordningslova § 24 nr. 1 første ledd blir klargjord slik at også tillegg som er berekna etter forskrift om alderspensjon i folketrygden, er samordningspliktige når det gjeld alderspensjonen og uførepensjonen i folketrygda.

Departementet viser til lovforslaget, § 24 nr. 1 første ledd tredje punktum.

#### *4.1.2 Samordning med privat AFP etter AFP-tilskottslova kapittel 4 (overgangsordninga)*

Dersom utbetalte AFP etter AFP-tilskottslova kapittel 4 utgjer eit lågare beløp enn det minste pensjonsnivået vedkommande ville hatt rett til som alderspensionist etter folketrygdlova § 19-8, skal differansen utbetalast som eit tillegg til pensjonen (minstenivåtillegg). Dette går fram av forskrift 30. november 2010 nr. 1497 § 7. Ei tilsvarande føresagn er teken inn i forskrift 30. november 2010 nr. 1494 om omregning av avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse ved endringer i sivilstand mv. Slike tillegg er som nemnt nye pensjonselement i folketrygda frå 1. januar 2011, og tillegga kan også ytast i AFP.

Tillegg etter folketrygdlova § 19-14 femte ledd er som nemnt samordningspliktige, slik det er bestemt i samordningslova § 24 nr. 1 første ledd når det gjeld alderspensjonen og uførepensjonen i

folketrygda. Dette er ikkje lovregulert når det gjeld samordning av tenestepensjon med AFP i privat sektor etter AFP-tilskottslova kapittel 4 (overgangsordninga). Departementet meiner det er nødvendig å klargjere samordningsføreseg-nene slik at det uttrykkeleg går fram at tillegg etter folketrygdlova § 19-14 femte ledd som blir gjevne til avtalefesta pensjon, er samordningspliktige.

Tillegg etter forskrifa gjeven med heimel i fol-ketrygdlova § 19-8 er på same måte som tillegg etter folketrygdlova § 19-14 femte ledd samord-ningspliktige. Som det går fram av punkt 4.1.1, har departementet foreslått at tillegga som er nemnde, blir tekne inn i samordningslova § 24 nr. 1 første ledd når det gjeld alderspensjon og ufø-re-pensjon i folketrygda. På same måte er tillegg berekna etter forskrifa gjeven i medhald av folke-trygdlova § 19-8 som blir gjevne til avtalefesta pen-sjon, samordningspliktige. Departementet fore-slår at samordningsføreseg-nene også blir klar-gjorde på dette punktet.

Departementet viser til lovforslaget, § 23 nr. 1 andre ledd første punktum.

#### **4.1.3 Levealdersjustering av samordningsfrådraget for tillegga i alderspensjonen i folketrygda**

Det går fram av samordningslova § 24 nr. 1 første ledd fjerde punktum at samordningsfrådraga for tillegg til alderspensjonen i folketrygda skal dividerast med det aktuelle forholdstalet (leveal-dersjusterast).

Dei tillegga som pensjonisten får utbetalt frå folketrygda, er likevel ikkje levealdersjusterte på vanleg måte. Departementet ser det derfor slik at heller ikkje samordningsfrådraget for tillegga bør levealdersjusterast. Det vil vere uheldig om tenes-tepensjonsordningane gjer frådrag med eit anna (større) beløp enn det vedkommande faktisk får utbetalt frå folketrygda, sidan funksjonen til til-legga er at utbetalt pensjon ikkje skal falle under det minste pensjonsnivået vedkommande har rett til. Departementet foreslår å endre samordnings-lova § 24 nr. 1 første ledd slik at samordningsfrådraget for tillegg etter folketrygdlova § 19-14 femte ledd og tillegg berekna etter forskrift til folke-tryggloven § 19-8 ikkje skal dividerast med det aktuelle forholdstalet.

Departementet viser til lovforslaget, § 24 nr. 1 første ledd fjerde punktum.

#### **4.1.4 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Departementet legg til grunn at endringane ikkje har økonomiske eller administrative konsekven-sar.

### **4.2 Samordningsfritak for auka opptening av folketrygd etter uttak av heil tenestepensjon**

#### **4.2.1 Tilpassing til oppteningsreglane i folketrygda**

Som nemnt i punkt 4.1 er hovudregelen for sam-ordning av tenestepensjon med pensjon frå folke-trygda at tenestepensjonsordningane kan gjere frådrag for grunnpensjonen i folketrygda med inn-til  $\frac{3}{4}$  av grunnbeløpet (G) i folketrygda og heile til-leggpensjonen/særtillegget/pensjonstillegget. For ein person som etter å ha teke ut heil teneste-pensjon har opptening i folketrygda etter fylte 66 år, det vil seie åra vedkommande fyller 67, 68 og 69 år, skal auka tilleggspensjon likevel haldast utanfor samordninga. Dette går fram av samord-ningslova § 23 nr. 2 femte ledd bokstav b. Denne regelen om unntak frå samordning av offentleg tenestepensjon med tilleggspensjonen i folke-trygda kom inn i lova med verknad frå 1. mai 1999. Bakgrunnen for lovendringa var at poengår i folketrygda som ikkje korresponderar med økt oppteningstid i tenestepensjonsordninga kunne slå uheldig ut. Blant anna ville opptening av til-leggpensjon etter fylte 67 år for enkelte grupper kunne vise seg å vere ulønnsamt etter samord-ning av offentleg tenestepensjon med alderspen-sjonen frå folketrygda.

Fra 1. januar 2010 blei den øvre alderen for pensjonsopptening i folketrygda heva frå 69 til 75 år. Endringa gjeld for personar som er fødde i 1943 eller seinare. Departementet har derfor vurdert om det er grunn til å endre unntaksføreseg-nene som er nemnde ovanfor. Ei utviding av føre-segna til å omfatte opptening av tilleggspensjon til og med det 75. året, etter uttak av heil tenestepen-sjon, det vil seie for åra frå 70 til 75 år, kan seiast å vere ei naturleg følgje av endringa av opptenings-reglane i folketrygda. Departementet viser elles til at den alminnelege aldersgrensa i dei offent-lege tenestepensjonsordningane er 70 år, det vil seie at heile tenestepensjonen som hovudregel seinast må takast ut ved denne alderen. Ut frå grungjevinga for og formålet med føresegna meiner departementet at regelen bør tilpassast til endringa i folketrygda. Departementet viser til

forarbeida til lovendringa i 1999, jf. Ot.prp. nr. 30 (1998-1999) Om lov om endringer i lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser. Der går det fram at det var ønskeleg med ei viss lemping av reglane for samordning når det gjeld auka opptening i folketrygda for visse grupper, særleg dei som får auka opptening i folketrygda like før eller etter pensjonering. Når grensa for opptening i folketrygda nå er heva, må reglane om samordningsfritak tilpassas dette, slik at også dei som har opptening i folketrygda mellom 70 og 75 år heller ikkje skal komme samordningsmessig uheldig ut. Vidare vil det verke inkonsekvent dersom det framleis berre er auka opptening i åra frå 67 til 69 år som skal haldast utanfor samordning. I så fall ville opptening fram til 67 år ha vært samordningspliktig, så ville opptening dei neste tre åra ha vært omfatta av samordningsfritaket, men deretter ville auka opptening etter 70 år ha vært samordningspliktig.

På denne bakgrunnen foreslår departementet å endre samordningslova § 23 nr. 2 femte ledd bokstav b med verknad frå 1. januar 2010 i samsvar med endringa i oppteningsreglane i folketrygda. Ei slik endring inneber at også auka opptening av tilleggspensjonen i folketrygda for åra da pensjonisten fylte 70 til 75 år – etter uttak av heil tenestepensjon – frå 2011 skal haldast utanfor samordninga. Departementet foreslår vidare å presisere i lova at føresegna berre gjeld etter uttak av *heil* tenestepensjon, noko som i dag går fram av forskrifter til føresegna.

Departementet viser til lovforslaget, § 23 nr. 2 femte ledd bokstav b.

#### 4.2.2 Økonomiske og administrative konsekvensar

I samband med lovendringa frå 1. mai 1999 blei meirutgiftene berekna til ca. 2-3 millionar kroner i året samla for pensjonskassane i offentleg sektor, men da også inkludert meirutgiftene for samordningsfritak for auka tilleggspensjon som følgje av godskriving av omsorgspoeng. Statens pensjonskasse anslår at gjeldande samordningsfritak for økt opptening av folketrygd etter uttak av heil tenestepensjon for aldersgruppa 67-70 år utgjer ein meirutgift opp mot 5 millionar kroner i året. For aldersgruppa 70-75 år føreligg det førebels ingen data. Sjølv om dette er ei større aldersgruppe, er det rimeleg å leggje til grunn at forslaget til samordningsfritak for denne gruppa vil gje om lag dei same årlege meirutgiftene som for aldersgruppa 67-70 år, då yrkesaktiviteten er vesentleg lågare etter 70 år. Kommunal Landspen-

sjonskasse (KLP) meiner at dei økonomiske konsekvensane er uvesentlege, både for pensjonsordninga for sjukepleiarar og i dei andre ordningane for kommunar, fylkeskommunar og helseføretak. Departementet viser elles til at gruppene det vedkjem, for ein stor del vil ha full opptening i folketrygda allereie på det tidspunktet dei tek ut heil tenestepensjon.

## 5 Endring i lov om Statens pensjonskasse

### 5.1 Fastsettjing av pensjonsgrunnlaget i enkje- og enkjemannspensjon og barnepensjon når den avdøde medlemmen har teke ut alderspensjon eller avtalefesta pensjon (AFP) og dør før fylte 67 år

Når ein medlem av Statens pensjonskasse dør, har den attlevande ektefellen ein avleidd rett til enkje- eller enkjemannspensjon og attlevande barn rett til barnepensjon, jf. føresegne i lov om Statens pensjonskasse kapittel 7. Ved full opptening utgjer enkje- eller enkjemannspensjonen 9 prosent eller 39,6 prosent av pensjonsgrunnlaget til den avdøde. Barnepensjonen utgjer 15 prosent av pensjonsgrunnlaget.

Berekningsgrunnlaget for desse avleidde pensjonane er pensjonsgrunnlaget til den avdøde. Dersom den avdøde var pensjonist, har pensjonsgrunnlaget vore regulert éin eller fleire gonger per 1. mai kvart år, i samsvar med føresegne om regulering av pensjon under utbetaling. I desse tilfella er det såleis pensjonsgrunnlaget til den avdøde på dødstidspunktet som utgjer berekningsgrunnlaget for enkje- og enkjemannspensjon og barnepensjon.

Frå 1. januar 2011 er det innført nye reguleringssføresegner for offentleg tenestepensjon. Uførepensjon blir regulert med lønnsveksten før fylte 67 år, medan alderspensjon og AFP blir regulerte med lønnsveksten, men med eit frådrag på 0,75 prosent. Ved berekning av pensjonar til den attlevande vil pensjonsgrunnlaget derfor kunne vere ulikt, avhengig av om den avdøde hadde uførepensjon eller alderspensjon/AFP.

Vidare er det frå 2011 bestemt at pensjonsgrunnlaget for dei som får alderspensjon etter særaldersgrense eller AFP, blir rekna om ved fylte 67 år ved at grunnlaget blir etterregulert med lønnsveksten frå tidspunktet dei fråtredde, og fram til omrekningstidspunktet. Det same gjeld ved 65 år for personar som går over frå folketrygd-

berekna AFP til tenestepensjonsberekningsprinsippet, jf. lov om Statens pensjonskasse § 42 tredje ledd. Bakgrunnen for regelen går fram av Prop. 107 L (2009–2010), der departementet viste til at når pensjonar under utbetaling frå 2011 skal regulert rast noko svakare enn lønnsveksten, vil dei som blir pensjonistar tidleg fordi dei har særaldersgrense eller har teke ut AFP, få pensjonsgrunnlaget sitt regulert på denne måten i fleire år enn andre.

Ved berekning av enkje-, enkjemanns- eller barnepensjon der den avdøde var alderspensjonist eller AFP-pensjonist og døydde før omrekningstidspunktet ved 67 (65) år, meiner departementet at dei etterlatne skal få lagt til grunn same omrekningsprinsipp ved fastsettjinga av pensjonsgrunnlaget. Slik departementet ser det, er forslaget ei naturleg følgje av føresegna i lov om Statens pensjonskasse § 42 tredje ledd. Med ein slik regel unngår ein også den meir tilfeldige forskjellen som elles ville oppstå avhengig av om den avdøde var uførepensjonist, alderspensjonist eller AFP-pensjonist. Vidare unngår ein at det oppstår store terskeleffektar avhengig av om pensjonsgrunnlaget til den avdøde hadde blitt omrekna ved 67 (65) år, eller om dødsfallet skjer like før omrekningstidspunktet.

Departementet foreslår at den etterreguleringsprinsippet som etter gjeldande føresegner skal gjerast ved fylte 67 år (65 år) for alderspensjonistar og AFP-pensjonistar, også blir lagd til grunn ved berekning av dei avleidde pensjonane i dei tilfella pensjonisten dør før omrekningstidspunktet.

Departementet viser til lovforslaget, § 42 tredje ledd.

## 5.2 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget har ikkje vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar. Den omrekninga som etter forslaget skal gjerast på dødsfallstidspunktet, ville elles ha blitt gjord ved fylte 67 (65) år i alderspensjonen til den avdøde. Statens pensjonskasse har berekna kostnadene av forslaget til å kunne utgjere opp mot 5 millionar kroner i året.

## 6 Endring i lov om pensjonsordning for sykepleiere

### 6.1 Fastsettjing av pensjonsgrunnlaget i enkje- og enkjemannspensjon og barnepensjon når den avdøde medlemmen har teke ut alderspensjon eller avtalefesta pensjon og dør før fylte 67 år

I dette kapitlet blir det foreslått ei presisering i lov om pensjonsordning for sykepleiere § 39 tredje ledd i tråd med forslaget frå departementet i kapittel 5 om endring i lov om Statens pensjonskasse § 42 tredje ledd.

Departementet foreslår at den særskilde etterreguleringsprinsippet som etter gjeldande føresegner skal gjerast ved fylte 67 år (65 år) for alderspensjonistar og AFP-pensjonistar, i staden skjer på dødsfallstidspunktet dersom pensjonisten dør før omrekningstidspunktet, når etterlatnepensjonen skal bereknast.

Departementet viser til lovforslaget, § 39 tredje ledd.

## 6.2 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget har ikkje vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar. Den omrekninga som etter forslaget skal gjerast på dødsfallstidspunktet, ville elles ha skjedd ved fylte 67 år (65 år) i alderspensjonen til den avdøde. Kommunal Landspensjonskasse kan vanskeleg sjå at forslaget vil ha målbare økonomiske konsekvensar.

## 7 Endring i lov om pensjonsordning for statsråder

### 7.1 Fastsettjing av pensjonsgrunnlaget i enkje- og enkjemannspensjon og barnepensjon når den avdøde medlemmen har teke ut alderspensjon og dør før fylte 67 år

I dette kapitlet blir det foreslått ei presisering i lov 14. desember 1951 nr. 11 om pensjonsordning for statsråder § 3c tredje ledd, i tråd med forslaget frå departementet i kapittel 5 om endring i lov om Statens pensjonskasse § 42 tredje ledd.

Departementet foreslår at den særskilde etterreguleringsprinsippet som etter gjeldande føresegner skal gjerast ved fylte 67 år for alderspensjonistar, i staden skjer på dødsfallstidspunktet.

punktet dersom pensjonisten dør før omrekningstidspunktet, når pensjonen skal bereknast.

Departementet viser til lovforslaget, § 3c tredje ledd.

## **7.2 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Forslaget har ikkje vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar, og Statens pensjonskasse anslår kostnadene å være heilt marginale. Den omrekninga som etter forslaget skal gjerast på tidspunktet for dødsfallet, ville elles ha blitt gjord ved fylte 67 år i alderspensjonen til den avdøde.

## **8 Endringar i lov om pensjonsordning for stortingsrepresentanter**

### **8.1 Fastsetjing av pensjonsgrunnlaget i enkje-, enkjemanns- og barnepensjon når den avdøde medlemmen har teke ut alderspensjon og dør før fylte 67 år**

I dette kapitlet foreslår departementet ei presisering i lov 12. juni 1981 nr. 61 om pensjonsordning for stortingsrepresentanter § 4c tredje ledd i tråd med forslaget frå departementet i kapittel 5 om endring i lov om Statens pensjonskasse § 42 tredje ledd.

Departementet foreslår at den særskilde etterreguleringsa av pensjonsgrunnlaget som etter gjeldande føresegner skal gjerast ved fylte 67 år for alderspensjonistar, i staden skjer på dødsfallstidspunktet dersom pensjonisten dør før omrekningstidspunktet, når pensjonen skal bereknast.

Departementet viser til lovforslaget, § 4c tredje ledd.

### **8.2 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Forslaget har ikkje vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar, og Statens pensjonskasse anslår kostnadene å være heilt marginale. Den omrekninga som etter forslaget skal gjerast på dødsfallstidspunktet, ville elles ha blitt gjord ved fylte 67 år i alderspensjonen til den avdøde.

## **9 Presisering i lovene om personskadetrygd**

### **9.1 Regulering av pensjonar etter lovene om krigspensjonering og lov om yrkesskadetrygd**

Frå 1. januar 2011 blir uføre- og etterlatnepensjonar etter lovene om krigspensjonering og lov om yrkesskadetrygd regulerte med lønnsveksten fram til fylte 67 år. Frå og med månaden etter fylte 67 år blir pensjonane regulerte i samsvar med lønnsveksten med eit frådrag på 0,75 prosent. Dette er dei same reguleringsprinsippa som er innførte for uføre- og etterlatnepensjonar frå dei offentlege tenestepensjonsordningane som eit ledd i tilpassinga til dei nye reglane for regulering av alderspension i folketrygda.

I mellom anna lov om Statens pensjonskasse § 42 andre ledd er det gjeve ei særskild reguleringsføresegn for den første reguleringsa av uføre- og etterlatnepensjonar etter fylte 67 år når dette overgangstidspunktet, det vil seie månaden etter fylte 67 år, er i månadene juni til april. Ved den første reguleringsa skal frådraget på 0,75 prosent da setjast forholdsmessig ned ut frå når i perioden overgangen skjedde. Denne særskilde reguleringsføresegna bør også gjelde ved regulering av pensjonar frå personskadetrygdene.

### **9.2 Midlertidig lov 29. juni 1951 nr. 34 om tillegg til lover av 13. desember 1946 om 1) Krigspensjonering for hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner og 2) Krigspensjonering for militærpersoner**

Det går fram av midlertidig lov 29. juni 1951 nr. 34 om tillegg til lover av 13. desember 1946 om 1) Krigspensjonering for hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner og 2) Krigspensjonering for militærpersoner del III nr. 4 at krigspensjon under utbetaling skal regulerast med lønnsveksten fram til fylte 67 år og frå da av i samsvar med lønnsveksten med eit frådrag på 0,75 prosent. Vidare følger det av føresegna at dei reguleringsfaktorane som Kongen fastset etter folketrygdlova § 19-14 åttande ledd, skal nyttast ved reguleringsa. Departementet foreslår å ta inn i denne føresegna ei presisering om at frådraget på 0,75 prosent blir sett ned forholdsmessig ved første gongs reguleringsa etter fylte 67 år når overgangen (frå månaden etter fylte 67 år) skjer i månadene juni til april. Forslaget er ei oppfølging av tilsvarande regule-

ringsføresegner som elles gjeld for offentleg tenestepensjon.

Departementet viser til lovforslaget, del III nr. 4.

### **9.3 Lov 12. desember 1958 nr. 10 om yrkesskadetrygd**

Det følgjer av lov 12. desember 1958 nr. 10 om yrkesskadetrygd § 57 nr. 1 at satsane for mellom anna uførepensjonar og enkjepensjonar skal regulerast med lønnsveksten fram til fylte 67 år og frå da av i samsvar med lønnsveksten med eit frådrag på 0,75 prosent. Vidare følgjer det av føresegna at dei reguleringsfaktorane som Kongen fastset etter folketrygdlova § 19-14 åttande ledd, skal nyttast ved reguleringa. Departementet foreslår at det i § 57 nr. 1 andre ledd blir teke inn ei presisering om at det nemnde frådraget på 0,75 prosent blir sett ned forholdsmessig ved første gongs regulering etter fylte 67 år når overgangen (frå månaden etter fylte 67 år) skjer i månadene juni til april. Forslaget er ei oppfølging av tilsvarande reguleringsføresegner for offentleg tenestepensjon.

Departementet viser til lovforslaget, § 57 nr. 1 andre ledd.

### **9.4 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Forsлага har verken økonomiske eller administrative konsekvensar.

## **10 Ikraftsetjing**

Departementet foreslår at endringane i lov om Statens pensjonskasse, tilleggslov om krigspensjonering, lov om pensjonsordning for statsråder, lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser, lov om yrkesskadetrygd, lov om pensjonsordning for sykepleiere og lov om pensjonsordning for stortingsrepresentanter trer i kraft straks og får verknad frå 1. januar 2011.

Endringa i lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser § 23 nr. 2 femte ledd bokstav b har likevel verknad frå 1. januar 2010, som er verknadstidspunktet for nye oppteningsreglar i folketrygda.

Departementet foreslår at endringane i folketrygdlova trer i kraft straks. Reglane for inntektsprøving av alderspensjon blei oppheva 1. januar 2010, og endringane i folketrygdlova §§ 21-6 og 22-16 har derfor verknad frå 1. januar 2010. Dei

nye reglane for opptening av inntektpensjon etter § 20-7 a hadde verknad frå 1. januar 2010. Endringa i § 20-7 a har derfor verknad frå 1. januar 2010. Endringane i folketrygdlova §§ 3-1, 3-4, 3-30, 4-4 og 20-10 har verknad frå 1. januar 2011. Endringane i folketrygdlova §§ 12-18 og 19-2 har verknad frå 1. januar 2012. Uførepensjon til personar over 67 år blir rekna om til alderspensjon med verknad frå 1. januar 2012. Ved denne omrekninga skal forholdstalet 1,005 nyttast for personar fødde i 1944 og forholdstalet 1,000 for personar fødde i 1943. Er uførepensjonisten fødd i 1942 eller tidlegare, skal det ikkje nyttast forholdstal.

## **11 Merknader til dei enkelte føresegnene i lovforslaget**

### **11.1 Merknader til endringa i lov 28. juli 1949 nr. 26 om Statens pensjonskasse**

*Til § 42 tredje ledd*

Føresegna har reglar om omrekning av pensjonsgrunnlaget ved 67 år for medlemmer som har frattredd stillinga si med alderspensjon eller avtalefesta pensjon før 67 år. Tilsvarande gjeld ved 65 år for medlemmer med avtalefesta pensjon som frå 65 år får pensjonen berekna som alderspensjon frå Statens pensjonskasse. I *nytt fjerde punktum* blir det presisert at tilsvarande skal gjelde for fastsettjing av pensjonsgrunnlaget i ein etterlatnepensjon dersom medlemmen dør før pensjonsgrunnlaget er omrekna som nemnt.

### **11.2 Merknader til endringa i midlertidig lov 29. juni 1951 nr. 34 om tillegg til lover av 13. desember 1946 om 1) Krigspensjonering for hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner og 2) Krigspensjonering for militærpersoner**

*Til del III nr. 4*

Føresegna har reglar om regulering av krigspensjon. I *nytt tredje punktum* blir det presisert at lov om Statens pensjonskasse § 42 første ledd tredje punktum skal gjelde tilsvarande for første regulering av krigspensjonar etter fylte 67 år. Frådraget på 0,75 prosent skal setjast ned forholdsmessig ved første gongs regulering etter fylte 67 år når overgangen (som får verknad frå og med månaden etter fylte 67 år) skjer i månadene juni til april.

### **11.3 Merknader til endringa i lov 14. desember 1951 nr. 11 om pensjonsordning for statsråder**

Til § 3c tredje ledd

*Nytt tredje punktum* svarer til nytt fjerde punktum i § 42 tredje ledd i lov om Statens pensjonskasse. Departementet viser til merknadene til den føregagna.

### **11.4 Merknader til endringane i lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser**

Til § 23 nr. 1 andre ledd

Føresegna har reglar om at reglane i første ledd i paragrafen om samordning av tenestepensjon med tilleggspensjonen frå folketrygda skal gjelde tilsvarende for mellom anna særtillegg. I andre ledd *første punktum* blir det presisert at føresegna i første ledd skal gjelde tilsvarende for tillegg etter folketrygdlova § 19-14 femte ledd og tillegg fastsette etter forskrift til folketrygdlova § 19-8 niande ledd.

Til § 23 nr. 2 femte ledd bokstav b

Føresegna omhandlar unntak frå samordning for den delen av tilleggspensjonen i folketrygda som er tent opp etter uttak av heil tenestepensjon (auka opptening). I *bokstav b* blir det presisert at unntaket berre gjeld for auka opptening etter uttak av heil tenestepensjon. Endringa i bokstav b elles inneber at auka opptening av tilleggspensjon til og med det 75. året skal haldast utanom samordning.

Til § 24 nr. 1 første ledd

Føresegna omhandlar samordning av alderspensjon frå tenestepensjonsordninga med alderspensjon frå folketrygda, under dette samordning med tillegg etter folketrygdlova § 19-14 femte ledd. I *tredje punktum* blir det presisert at også tillegg etter forskrift til folketrygdloven § 19-8 skal samordnast som særtillegg. I *fjerde punktum* blir det presisert at tillegg etter folketrygdlova § 19-14 femte ledd og tillegg som er fastsette etter forskrift til folketrygdlova § 19-8 niande ledd, ikkje skal dividerast med det aktuelle forholdstalet.

### **11.5 Merknader til endringa i lov 12. desember 1958 nr. 10 om yrkesskadetrygd**

Til § 57 nr. 1

Føresegna har reglar om regulering av yrkesskadetrygd. I *andre ledd nytt andre punktum* blir det presisert at lov om Statens pensjonskasse § 42 første ledd tredje punktum skal gjelde tilsvarende for første regulering av yrkesskadetrygd etter fylte 67 år. Frådraget på 0,75 prosent skal setjast ned forholdsmessig ved første gongs regulering etter fylte 67 år når overgangen (som får verknad frå og med månaden etter fylte 67 år) skjer i månadene juni til april.

### **11.6 Merknader til endringa i lov 22. juni 1962 nr. 12 om pensjonsordning for sykepleiere**

Til § 39 tredje ledd

*Nytt fjerde punktum* svarer til nytt tredje punktum i § 42 tredje ledd i lov om Statens pensjonskasse. Departementet viser til merknadene til den føregagna.

### **11.7 Merknader til endringa i lov 12. juni 1981 nr. 61 om pensjonsordning for stortingsrepresentanter**

Til § 4c tredje ledd

*Nytt tredje punktum* svarer til nytt fjerde punktum i § 42 tredje ledd i lov om Statens pensjonskasse. Departementet viser til merknadene til den føregagna.

### **11.8 Merknader til endringane i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd**

Til § 2-9

Paragrafen har føresegner om trygdedekning ved frivillig medlemskap utanfor Noreg, under dette alderspensjon etter kapittel 19. Endringa i *første ledd bokstav b* sikrar at det blir gjeve trygdedekning til alderspensjon etter kapittel 20 på same måte som til alderspensjon etter kapittel 19.

Til § 2-13

Paragrafen gjer unntak frå medlemskapsreglane for personar som får ei utanlandsk pensjonsyting av ein viss storleik. *Første ledd* blir endra slik at

alderspensjon etter kapittel 20 blir likestilt med alderspensjon etter kapittel 19.

#### Til § 3-1

Paragrafen har ei oversikt over komponentane i pensjonane frå folketrygda, under dette grunn-pensjon, tilleggspensjon og særtillegg. I *andre ledd nytt andre punktum* blir det presisert at det i staden for særtillegg blir gjeve pensjonstillegg til alderspensjon.

#### Til § 3-4

Paragrafen har føresegner om ei minste pensjonsyting frå folketrygda. Departementet presiserer ved endringa i *første ledd* og ved *nytt fjerde ledd* at reglar for ei minste pensjonsyting for alderspensionistar i staden går fram av eigne føresegner i kapitla 19 og 20.

#### Til § 3-25

Paragrafen har føresegner om rett til barnetillegg. Ordlyden i *første ledd første punktum* blir retta opp som følgje av at ordninga med tidsavgrensa uførestønad er oppheva og erstatta av arbeidsavklaringspengar.

#### Til § 3-26

Paragrafen har føresegner om reduksjon av barnetillegg på grunn av inntekt. Ordlyden i *femte ledd første punktum* blir retta opp som følgje av at ordninga med tidsavgrensa uførestønad er oppheva og erstatta av arbeidsavklaringspengar.

#### Til § 3-30

Paragrafen har føresegner om berekning av pensjonane frå folketrygda ved yrkesskade. I *tredje ledd nytt andre punktum* blir det presisert at berre ein så stor del av alderspensjonen som svarer til graden av uførleik på grunn av yrkesskade, skal bereknast etter særforesegnene om yrkesskade.

#### Til § 4-4

Paragrafen gjeld krav til minsteinntekt for rett til dagpengar. *Femte ledd* blir tilpassa som følgje av at det gjennom pensjonsreforma er innført nye reglar for regulering av pensjonar, under dette at det nye grunnbeløpet årleg skal fastsetjast av Kon-gen.

#### Til § 11-4

Paragrafen har føresegner om krav til alder for rett til ytingar etter kapittel 11, under dette særskilde krav for ein medlem som har fylt 62 år. Det blir gjort ein reint språkleg korreksjon av ordlyden i *fjerde ledd bokstav a*, da den formelle nemninga på den minste pensjonsytinga for alderspensjon etter kapittel 19 er ”minste pensjonsnivå”.

#### Til § 12-4

Paragrafen har føresegner om krav til alder for rett til ytingar etter kapittel 12, under dette særskilde krav for ein medlem som har fylt 62 år. Det blir gjort ein reint språkleg korreksjon av ordlyden i *tredje ledd bokstav a*, da den formelle nemninga på den minste pensjonsytinga for alderspensjon etter kapittel 19 er ”minste pensjonsnivå”.

#### Til § 12-12

Paragrafen har føresegner om revurdering av uføregraden. I samband med ei tidlegare lovendring blei *andre ledd tredje punktum* oppheva utan at gjeldande *andre ledd fjerde punktum* blei nytt tredje punktum. Dette blir no retta opp.

#### Til § 12-18

Paragrafen har føresegner om uførepensjon ved yrkesskade. *Fjerde ledd* har reglar om livsvarig uførepensjon for den som ikkje har rett til alderspensjon. Fjerde ledd blir oppheva, og det blir i staden gjeve eigne reglar om rett til alderspensjon for personar som er innvilga uførepensjon etter yrkesskade, sjå nærmare § 19-2 nytt tredje ledd og merknadene til føreseagna.

#### Til § 13-2

Paragrafen har ei oversikt over dei ulike ytingane frå folketrygda som blir gjevne etter særskilde føresegner for den som blir ramma av ein yrkesskade eller ein likestilt yrkessjukdom. Føresegneiene for rett til alderspensjon ved yrkesskade blei frå 1. januar 2011 flytta frå § 19-11 til nye § 19-20. Tilvisinga i *andre ledd siste strekpunkt* blir endra i tråd med dette.

#### Til § 19-2

Paragrafen stiller opp krav om minste trygdetid for rett til alderspensjon. Personar som i dag ikkje har rett til alderspensjon fordi dei har mindre enn

tre års trygdetid, men som ved 67 år hadde rett til uførepensjon etter yrkesskade, beheld uførepensjonen livet ut. I *andre ledd ny bokstav a* blir det gjort unntak frå kravet om tre års trygdetid for denne gruppa, slik at dei frå 67 år får alderspensjon i staden for uførepensjon. Ein attlevande ektefelle som ikkje sjølv har tre års trygdetid, får i dag alderspensjon etter føresegnene i § 19-16 og § 19-20 andre ledd dersom den avdøde hadde minst tre års trygdetid. For denne gruppa vil unntaket gå fram av *andre ledd ny bokstav b*. Unntak for flyktningar blir ført vidare i *andre ledd ny bokstav c*.

#### Til § 20-7 a

Paragrafen har føresegner om opptening av alderspensjon etter kapittel 20 for uførepensjonistar. Ved utforminga av reglane for opptening av ny alderspensjon for uførepensjonistar på grunnlag av framtidige pensjonspoeng blei omgrepene "medlem" nytt i staden for "den som mottek uførepensjon" utan at endringa var tilskjuta. Endringa av *første ledd* inneber at dette blir retta opp.

#### Til § 20-10

Paragrafen har føresegner om garantipensjon og trygdetid. I *nytt sjette ledd* får departementet heimel til å fastsetje nærmare reglar omrekning av pensjonen når det skjer endringar i medlemskapen som påverkar pensjonen.

#### Til § 21-6

Paragrafen har føresegner om når det skal fattast nye vedtak ved endra forhold, under dette sær-

lege reglar for ytingar som blir graderte etter inntekt. *Første ledd andre punktum* blir endra som følgje av at alderspensjonen ikkje lenger blir avkorta eller gradert dersom pensjonisten har inntekt ved sida av pensjonen.

#### Til § 22-10

Paragrafen har føresegner om utbetalingsterminar av ytingane frå folketrygda. *Tredje ledd bokstav i* blir endra slik at alderspensjon etter kapittel 20 blir likestilt med alderspensjon etter kapittel 19.

#### Til § 22-16

Paragrafen har føresegner om avrekning av feilutbetalingar på grunn av for høg inntekt. *Andre ledd bokstav b* blir oppheva som følgje av at alderspensjonen ikkje lenger blir avkorta eller gradert dersom pensjonisten har inntekt ved sida av pensjonen. *Tredje ledd andre punktum* blir endra for å føre vidare gjeldande føresegner om at feilutbetaling av ytingar som nemnt i andre ledd skal kunne trekkjast i alderspensjonen.

Arbeidsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under på eit forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i lov om folketrygd, lov om Statens pensjonskasse og i enkelte andre pensjonslover (presiseringar mv. i samband med pensjonsreforma).

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov om folketrygd, lov om Statens pensjonskasse og i enkelte andre pensjonslover (presiseringar mv. i samband med pensjonsreforma) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### **til lov om endringar i lov om folketrygd, lov om Statens pensjonskasse og i enkelte andre pensjonslover (presiseringar mv. i samband med pensjonsreforma)**

#### I

I lov 28. juli 1949 nr. 26 om Statens pensjonskasse skal § 42 tredje ledd nytt fjerde punktum lyde:

*Dersom medlemmet dør før omregningstidspunktet ved 65 eller 67 år, skal pensjonsgrunnlaget ved beregningen av enke- eller enkemannspensjon og barnepensjon etter kapitel 7 omregnes ved at det oppreguleres med lønnsveksten fra fratredelestidspunktet og fram til virkningstidspunktet for pensjonen.*

#### II

I midlertidig lov 29. juni 1951 nr. 34 om tillegg til lover av 13. desember 1946 om 1) Krigspensjoner for hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner og 2) Krigspensjoner for militærpersoner skal del III nr. 4 lyde:

Fra 1. januar 2011 reguleres krigspensjon under utbetaling i samsvar med lønnsveksten fram til fylte 67 år. Fra fylte 67 år reguleres krigspensjon under utbetaling i samsvar med lønnsveksten og fratrekkes deretter 0,75 prosent. *Ved første regulering etter fylte 67 år gjelder bestemmelsen i lov 28. juli 1949 nr. 26 om Statens pensjonskasse § 42 første ledd andre punktum tilsvarende.* Ved reguleringen benyttes de reguleringssfaktorer Kongen fastsetter etter folketrygdloven § 19-14 åttende ledd. Reguleringen skjer årlig med virkning fra 1. mai.

#### III

I lov 14. desember 1951 nr. 11 om pensjonsordning for statsråder skal § 3c tredje ledd nytt tredje punktum lyde:

*Dersom medlemmet dør før omregningstidspunktet ved 67 år, skal pensjonsgrunnlaget ved beregningen av enke- eller enkemannspensjon og barnepensjon omregnes ved at det oppreguleres med*

*lønnsveksten fra fratredelestidspunktet og fram til virkningstidspunktet for pensjonen.*

#### IV

I lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser blir desse endringane gjorde:

§ 23 nr. 1 andre ledd første punktum skal lyde: Bestemmelsene i første ledd gjelder tilsvarende for særtillegg fra folketrygden, for *tillegg etter folketrygdloven § 19-14 femte ledd, for tillegg fastsatt etter §§ 5-4 tredje ledd og 5-8 fjerde ledd i forskrift 22. desember 2009 nr. 1810 om alderspension i folketrygden*, for ventetillegg fra folketrygden for tilleggs pensjon og for den delen av arbeidsavklaringspengene og overgangsstønad etter folketrygdloven kapittel 11 og 15 som overstiger folketrygdens grunnbeløp.

§ 23 nr. 2 femte ledd bokstav b skal lyde:

b. når økningen skyldes poengopptjening i folketrygden etter uttak av *hel tjenestepensjon for årene da pensjonisten fylte 67 til 75 år*.

§ 24 nr. 1 første ledd tredje og fjerde punktum skal lyde:

Basispensjonstillegg etter folketrygdloven § 19-9 tredje ledd, *tillegg etter folketrygdloven § 19-14 femte ledd og tillegg beregnet etter §§ 5-4 tredje ledd og 5-8 fjerde ledd i forskrift 22. desember 2009 nr. 1810 om alderspension i folketrygden* samordnes som særtillegg, jf. § 23. Samordningsfradragene divideres med det aktuelle forholdstallet som er fastsatt etter folketrygdloven § 19-7, *med unntak av samordningsfradrag for tillegg etter folketrygdloven § 19-14 femte ledd og tillegg beregnet etter §§ 5-4 tredje ledd og 5-8 fjerde ledd i forskrift 22. desember 2009 nr. 1810 om alderspension i folketrygden*.

## V

I lov 12. desember 1958 nr. 10 om yrkesskade-trygd skal § 57 nr. 1 andre ledd nytt andre punktum lyde:

*Ved første regulering etter fylte 67 år gjelder bestem- melsen i lov 28. juli 1949 nr. 26 om Statens pen- sjonskasse § 42 første ledd andre punktum tilsvarende.*

## VI

I lov 22. juni 1962 nr. 12 om pensjonsordning for sykepleiere skal § 39 tredje ledd nytt fjerde punktum lyde:

*Dersom medlemmet dør før omregningstidspunktet ved 65 eller 67 år, skal pensjonsgrunnlaget ved beregningen av ektefellepensjon etter kapittel VI og barnepensjon etter kapittel VII omregnes ved at det oppreguleres med lønnsveksten fra fratredestidspunktet og fram til virkningstidspunktet for pensjo- nen.*

## VII

I lov 12. juni 1981 nr. 61 om pensjonsordning for stortingsrepresentanter skal § 4c tredje ledd nytt tredje punktum lyde:

*Dersom medlemmet dør før omregningstidspunktet ved 67 år, skal pensjonsgrunnlaget ved beregningen av enke- eller enkemannspensjon og barnepensjon omregnes ved at det oppreguleres med lønnsveksten fra fratredestidspunktet og fram til virkningstidspunktet for pensjonen.*

## VIII

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd blir desse endringane gjorde:

§ 2-9 første ledd bokstav b skal lyde:

- b) stønad og pensjon etter kapitlene 4 (arbeidsløshet), 6 (grunnstønad og hjelpestønad), 7 (gravferd), 11 (arbeidsavklaringspenger og tilleggstønader), 12 (uførepensjon), 15 (enslig mor eller far), 16 (tidligere familiepleier), 17 (gjenlevende ektefelle), 18 (barnepen- sjon), 19 (alderspensjon) og 20 (ny alderspen- sjon), eller

§ 2-13 første ledd skal lyde:

For en person som har bosatt seg i Norge etter 1992, og som mottar en utenlandsk pensjonsytelse som svarer til minstepensjon for enslige, omfatter medlemskapet ytelsjer etter kapitlene 6, 12, 16, 17, 18, 19 og 20 bare i perio- der da vedkommende har pensjonsgivende inn- tekts eller mottar pensjon fra folketrygden.

§ 3-1 andre ledd nytt andre punktum skal lyde:

*Til alderspensjon ytes det pensjonstillegg etter § 19- 9, se også § 3-3 første ledd tredje punktum.*

§ 3-4 første ledd skal lyde:

Minstepensjonen er minste pensjonsytelse etter folketrygdloven *kapittel 12 og 17* for en pen- sjonist som har full trygdetid (40 år) og mottar ugradert ytelse.

§ 3-4 nytt fjerde ledd skal lyde:

*Minste pensjonsytelse for en alderspensionist framgår av §§ 19-8 og 20-9.*

I § 3-25 første ledd første punktum og § 3-26 femte ledd første punktum skal "eller tidsbe- grenset uførestønad" strykast.

§ 3-30 tredje ledd andre punktum skal lyde:

*Var vedkommende mindre enn 100 prosent arbeids- ufor på grunn av yrkesskaden, beregnes en så stor del av alderspensjonen etter særbestemmelsene i før- ste ledd som svarer til den graderte uførepensjonen fastsatt etter § 12-18 andre ledd.*

§ 3-30 tredje ledd tredje punktum blir oppheva.

§ 4-4 femte ledd skal lyde:

*Når grunnbeløpet blir regulert etter § 1-4, skal endringen i kravet til minsteinntekt først gjelde fra og med den andre påfølgende mandagen etter at det nye grunnbeløpet ble fastsatt.*

§ 11-4 fjerde ledd bokstav a skal lyde:

- a) mottar ytelsjer som gjenlevende ektefelle etter kapittel 17 på nivå med *minste pensjons- nivå* etter § 19-8 eller garantipensjon etter § 20-9 beregnet med full trygdetid, eller

§ 12-4 tredje ledd bokstav a skal lyde:

- a) mottar ytelsjer som gjenlevende ektefelle etter kapittel 17 på nivå med *minste pensjons- nivå* etter § 19-8 eller garantipensjon etter § 20-9 beregnet med full trygdetid, eller

§ 12-12 andre ledd tredje punktum blir oppheva.  
Nogjeldande fjerde punktum blir tredje punktum.

§ 12-18 fjerde ledd blir oppheva.

§ 13-2 andre ledd siste strekpunkt skal lyde:  
alderspensjon står i § 19-20.

§ 19-2 andre ledd skal lyde:

*Vilkåret om tre års trygdetid i første ledd gjelder ikke for*

- a) *den som ved fylte 67 år hadde rett til uførepensjon ved yrkesskade,*
- b) *den som fyller vilkårene for rett til pensjon i §§ 17-3 og 17-4 og i enten § 17-5 eller § 17-10 og*
- c) *flyktning (§ 1-7) som er medlem i trygden.*

§ 20-7 a første ledd første punktum skal lyde:  
*Den som mottar uførepensjon med tilleggspensjon beregnet på grunnlag av framtidige pensjonspoeng (§§ 3-17, 3-18 og 3-21), får for hvert kalenderår han eller hun har mottatt slik pensjon en pensjonsopptjening på grunnlag av en antatt inntekt.*

§ 20-10 nytt sjette ledd skal lyde:

*Ved endringer i medlemskap som påvirker pensjonen, skal pensjonen omregnes. Departementet gir forskrifter med nærmere regler omomregning.*

§ 21-6 første ledd andre punktum skal lyde:  
Skjer det en endring i forhold som har betydning for graderingen av en ytelse til livsopphold etter kapittel 12, 15, 16 eller 17, kan det fattes nytt vedtak bare hvis endringen er vesentlig.

§ 22-10 tredje ledd bokstav i skal lyde:  
i) alderspensjon (kapittel 19 og 20)

§ 22-16 andre ledd bokstav b blir oppheva. Dei nogjeldande bokstavane c og d blir nye bokstavar b og c.

§ 22-16 tredje ledd andre punktum skal lyde:  
Trekk kan foretas i ytelsjer som nevnt i andre ledd, i *alderspensjon* og i krigspensjon og pensjon etter yrkesskadetrygdloven.

## IX

Endringane i avsnitt I til VII trer i kraft straks og har verknad frå 1. januar 2011. Endringa i samordningslova § 23 nr. 2 femte ledd bokstav b har likevel verknad frå 1. januar 2010.

Endringane i avsnitt VIII trer i kraft straks. Endringane i folketrygdlova §§ 20-7 a, 21-6 og 22-16 har verknad frå 1. januar 2010. Endringane i folketrygdlova §§ 3-1, 3-4, 3-30, 4-4 og 20-10 har verknad frå 1. januar 2011. Endringane i folketrygdlova §§ 12-18 og 19-2 har verknad frå 1. januar 2012. Uførepensjon til personar over 67 år blir rekna om til alderspensjon med verknad frå 1. januar 2012. Ved denne omrekninga skal forholdsstalet 1,005 nyttast for personar fødde i 1944 og forholdstalet 1,000 for personar fødde i 1943. Er uførepensjonisten fødd i 1942 eller tidlegare, skal det ikkje nyttast forholdstal.





Norges Tidsskrifter

241491

Trykk: A/S O. Fredr Arnesen. Mai 2011